



Foto: Thomas de Lange Wenneck


Status og råd

Seibestanden nord for 62°N var på eit historisk høgt nivå i 2001–2007, men det er sidan registrert ein bratt nedgang i både umoden bestand og gytebestand. 1999- og 2002-årsklassane var gode, elles har rekrutteringa i seinare år vore middels eller lågare.

Det vart i 2007 innført ein ny haustingsstrategi for nordaustarktisk sei, som ICES evaluerte til å vera i tråd med føre-var-tilnærminga. Ifølgje haustingsregelen vil gytebestanden med rekruttering rundt eller under langtidsgjennomsnittet koma enno nærmare føre-var-nivå (220 000 tonn) dei nærmaste åra. Havforskningsinstituttet har derfor tilrådd at utnyttingsgraden ikkje vert sett høgare enn utnyttingsgraden for maksimalt langtidsutbytte. Fiskeri- og kystdepartementet har fastsett kvoten for 2012 til 164 000 tonn, som er i samsvar med utnyttingsgraden i haustingsregelen.

Fiskeri

Utbyttet av seifisken nord for 62°N var på 185 000 tonn i 2008, 161 000 tonn i 2009 og 193 000 tonn i 2010 (figur). Gjennomsnitts-utbyttet for 1960–2010 var på 163 000 tonn. Kvoten for 2011 blei fastsett til 173 000 tonn, og total fangst blir på rundt 155 000 tonn. 2012-kvoten på 164 000 tonn er 5 % lågare enn 2011-kvoten, og på nivå med gjennomsnittsutbyttet for 1960–2010. Noreg dominerer fisket med over 90 % av landingane dei siste åra, og norsk utbytte i 2011 ser ut til å bli på vel 140 000 tonn. Det gjennomsnittlege norske utbyttet i perioden 1960–2010 var på 137 000 tonn. Dei ti siste åra har trålfisken stått for 40 % av dei norske landingane, not 25 %, garn 20 % og line, snurrevad og jukse 15 %.



Utvikling av rapportert fangst av nordaustarktisk sei. Tala for 2011 er prognosar.
Development of reported catch of Northeast Arctic saithe. Figures for 2011 are prognoses.

NORDAUSTARKTISK SEI

Sei – *Pollachius virens*

Andre norske namn: Kod, seikod, mort, palemort, grønspor, pale

Familie: Gadidae (torskefamilien)

Maks storleik: 20 kg og 130 cm

Levetid: Opptil 30 år

Leveområde: Langs norskekysten frå Stad til Kolahalvøya

Hovudgyteområde: På kystbankane frå Lofoten til Nordsjøen

Gytetidspunkt: Om vinteren med topp i februar

Føde: Raudåte, krill og andre pelagiske krepsdyr, sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel

Predatorar: Sel og kval

Særtrekk: Opptre i tette konsentrasjonar, står ofte pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

Nøkkeltal:


KVOTERÅD 2012: ICES: 164 000 tonn eller mindre

FASTSETT KVOTE 2012, TOTAL: 164 000 tonn, NORSK: 142 000 tonn

FASTSETT KVOTE 2011, TOTAL: 173 000 tonn, NORSK: 150 000 tonn

FANGST 2011 (PROGNOSE): TOTAL: 155 000 tonn, NORSK: 143 000 tonn

NORSK FANGSTVERDI (2010): 1 100 millioner kroner



Fakta om bestanden:

Sei har ein kraftig og muskuløs kropp, og er ein god symjar. Den er lett å kjenne på det svake underbitet og den rette sidelinja. Sei førekjem både pelagisk og som botnfisk, på 0–300 meters djup. Den opptre ofte i tette konsentrasjonar og står pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

Hovudføda for den yngste seien er raudåte, krill og andre pelagiske krepsdyr, medan eldre sei i aukande omfang også beiter på sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel. Seien er ein utprega vandrefisk som dreg på nærings- og gytevandringar. Stor sei følgjer norsk vårgytande sild langt ut i Norskehavet, av og til heilt til Island og Færøyane. Dei viktigaste gytefelta i norske farvatn er utanfor Lofoten, bankane utanfor Helgeland, bankane utanfor Møre og Romsdal og bankar i den nordlege Nordsjøen. Egg og larver blir førte nordover med straumen. Yngelen etablerer seg i strandsona langs kysten frå Vestlandet og nordover til søraustleg del av Barentshavet og vandrar ut på kystbankane som 2–4-åring.

Sei finst berre i Nord-Atlanten. I den vestlege delen er det ei lita stamme på grensa mellom Canada og USA. Seien i det nordaustlege Atlanterhavet blir delt i seks bestandar med hovudområde vest av Irland, vest av Skottland, ved Færøyane, ved Island, i Nordsjøen og på norskekysten nord for 62°N.

Merkeforsøk viser at det er vandringar mellom bestandane. Frå norskekysten kan det vera omfattande utvandring av ungsei frå dei sørlege områda til Nordsjøen og av eldre fisk frå meir nordlege område til Island og Færøyane. Det er få eksempel på innvandring av sei til norskekysten.